

Til Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø

Frå Nordhordland Sykkelklubb

v/ansvarshavende Anita Skarpenes

Søknad om vegstenging for å arrangera barnesykkelritt Lonsvegen

Nordhordland Sykkelklubb søker herved om å få stenga delar av Lonsvegen fredag 8.juni frå klokka 16.30 til klokka 18.00 for å arrangera sykkelrittet Tour of Norway for kids.

Tour of Norway for kids er eit tiltak i regi av sykkelforbundet, TV2 og sponsorar. Arrangementet går som ein landsdekkande turnè, og det vert mellom anna laga innslag frå kvar stad som vert vist på TV2 under deira sendingar frå Tour de France. Løpet er for barn frå 0-15 år, og arrangementa i Knarvik har dei siste åra vore mellom dei best besøkte i landet med ca 400 deltakarar.

Strekninga vi ønskjer å stenga er frå nordsida av kryss med avkjøring mot kyrkja til kryss med avkjøring mot Juvikstølen. Trafikken vil kunna gå som normalt til kyrkja, Juvikstølen og nye leiligheter nordaust for krysset mot kyrkja. Det vil verta sett ut vakter i begge endar av løypa. Løypa går som rundløype der vegbana og gang og sykkelvegen vert nytta.

Vegbana vil ikkje vera fysisk stengt, så utrykkingskjøretøy vil kunna passera. I tida der det vert rigga og rydda, vil privatbilar kunna passera.

Nordhordland Sykkelklubb vil varsle politi, brannvesen og ambulansetenesta om arrangementet i god tid.

Ansvarleg for arrangementet for Nordhordland Sykkelklubb vil vera Atle Vaage 94530126/ Anita Skarpenes 46945114

Mvh for Nordhordland Sykkelklubb

-----

Anita Skarpenes